



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Arkivsaknr.:
21/300

Journalnr.:
21/2046

Arkivkode:
K1-131, K2-K20

Dato:
17.06.2021

Melding om politisk vedtak høringsuttale frå Solund kommune til planprogram for regional plan for klima

KOMMUNESTYRE Sak - 031/21:
Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Solund kommunestyre vedtek uttalen slik den ligg føre i saka.

Med helsing

Anne Kristine Dyrdal
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN



Arkiv: K1-131, K2-K20
ArkivsakID: 21/300
JournalpostID: 21/1629
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 20.05.2021

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
050/21	FORMANNSKAP	27.05.2021
031/21	KOMMUNESTYRE	10.06.2021

Høyringsuttale frå Solund kommune til planprogram for regional plan for klima

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre vedtek uttalen slik den ligg føre i saka.

27.05.2021 FORMANNSKAP

Handsaming:

Votering:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-050/21 Vedtak i:

Solund kommunestyre vedtek uttalen slik den ligg føre i saka.

10.06.2021 KOMMUNESTYRE

Handsaming:

Representanten Anne Kristine Dyrdal seier seg ugild i saka etter kommunelova § 11-10, 2. ledd og deltek ikkje i handsaming av saka.

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM-031/21 Vedtak i:

Solund kommunestyre vedtek uttalen slik den ligg føre i saka.

Vedlegg i saka:

28.04.2021 Planprogram for regional plan for klima på høyring
28.04.2021 Høyringsutkast planprogram - Regional plan for klima

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**Kva saka gjeld:**

Høyringsuttale frå Solund kommune på planprogrammet til regional plan for klima 2022 - 2035

Saksutgreiing:

Fylkesutvalet vedtok 20.04.21 å sende framlegg til planprogram for Regional plan for klima 2022 - 2035 på høyring og offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova § 4-1, og Vestland fylkeskommune ynskjer innspel innan høyringsfristen 18. juni 2021.

Bakgrunn for planarbeidet:

Føremålet med regionale planar er å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande samfunnsutvikling i heile fylket. Arbeidet med ein regional plan skal byggje på eit planprogram. Planprogrammet gjer greie for føremålet med arbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, medverknad, alternativ som vert vurderte, og behovet for utgreiingar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 legg ambisjonane høgt for klima- og miljøarbeidet i Vestland. Vi har mål om å legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga i regionen. For at Vestland skal posisjonere seg som leiande i klimaomstilling og følgje opp mål og strategiar i utviklingsplanen, så skal vi no utarbeide ein ny regional klimaplan for Vestland fylke. Regional klimaplan skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland for å nå målet om nullutsleppssamfunnet, og dette er planen sitt oppdrag. Dette inneber ei brei samfunnsendring der vi både reduserer klimagassutsleppa, samtidig som vi tilpassar oss til dagens og framtida sitt klima, òg tek i vare naturmangfaldet. Omstillingsprosessen gjeld heile Vestlandssamfunnet; innbyggjarar, næringsliv, kommunar og fylkeskommunen. Planen skal skildre korleis vi skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, og tydeleggjere kva dette vil bety i praksis. Planen vil vise strategisk retning i klimaarbeidet, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

Planprogrammet legg opp til 5 plantema for å dekke Vestland sitt arbeid med klimaomstilling og berekraftig samfunnsutvikling.

- Redusere klimafotavtrykket
- Fjerne direkte utslepp
- Trygt og robust Vestland
- Klimarettferd og folkehelse
- Sikre naturmangfald

Utviklingsplanen og fylket sin visjon	Berekraftig samfunnsutvikling – Berekraftig og nyskapande Vestland				
Oppdrag frå utviklingsplanen	Klimaomstilling av Vestlandssamfunnet				
Hovudområde i klimaplanen	Utsleppsreduksjon		Klimatilpassing		Naturmangfald
Plantema	Redusere klimafotavtrykket	Fjerne direkte utslepp	Trygt og robust Vestland	Klimarettferd og folkehelse	Sikre naturmangfald
Oppfølging av mål i utviklingsplanen	Mål 1, 2, 3	Mål 1, 2, 3	Mål 1, 2, 3, 4	Mål 2, 3, 4	Mål 1, 2, 3

Plantema er nærare skildra i planprogrammet sitt kapittel 2.

Høyringsinnspel

Vestland fylkeskommunen inviterer interessentar til å gje høyringsinnspel. Særleg gjeld dette følgande:

- val av plantema
- problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
- medverknad i planarbeidet
- andre relevante innspel i planarbeidet

Digitale høyringsmøte

Det vert arrangert fleire digitale høyringsmøte i høyringsperioden. Møta vert innretta etter ulike deltakargrupper. Solund kommune har meldt seg på høyringsmøte 25. mai.

Vurdering:

Administrasjonssjefen vurderer det slik at det er viktig at Solund kommune kjem med ein høyringsuttale som set problemstillingar og peikar på utfordringar knytt til ein kommune som Solund. Samfunnsdelen har tittelen «Vi skapar framtida i lag», dette gjeld ikkje berre mellom aktørar internt i Solund, men også mellom kommunar, og mellom kommunen og fylket.

Uttalen fylgjer:

«Viser til høyring på planprogram for regional plan for klima 2022 - 2035, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale med frist 18. juni. Solund kommunestyre ser positivt på at det vert utarbeida ein regional plan for klima.

Solund kommune sin samfunnsdel peikar på klima som ei utfordring: Klimaendringane er tydlegare og gjer at det må rettast merksemd både mot utsleppsreduksjon og tilpassing til meir ekstremvær i all planlegging. Berekraft i høve klima og miljø skal vere eit førande prinsipp for utvikling og vekst i Solund, og Solund skal arbeide for bærekraftig bruk og ivaretaking av naturmangfald og landskap.

Solund er ein rein øykommune med spreidd busetnad på om lag 15 øyer, der ein del av desse er veglause stader. Nær 90 % av arealet som Solund kommune forvaltar er sjøområde med stor gjennomgangstrafikk, i tillegg har Solund store verdiar knytt til landskap, mykje myrlandskap og kystlynghei, samt ei lang strandsone. Det er 12 verna område i Solund knytt til sjøfuglområde, skog (kystfuru), edellauvskog og vassdrag. Dette gjev utfordringar knytt til klimaarbeid.

Hovudområda i klimaplanen er utsleppsreduksjon, klimatilpassing og naturmangfald. For å arbeide med klimaet må det arbeidast breitt for å dekke alle sider ved temaet. Solund kommune støttar hovudområda som er valde.

Plantema er blant anna å redusere klimafotavtrykket og fjerne direkte utslepp. Solund

kommune sine utslepp, jamfør Miljødirektoratet sine statistikkar, er i hovudsak knytt til sjøfart, faktisk så mykje som om lag 97 % av utsleppa er knytt til sjøfart. Svært mykje av dette er det gjennomgangstrafikk av fartøy som aldri har ærend i Solund, som står for. Det kan difor ikkje vere forventningar om at kommunane skal kunne gjere noko med utslepp knytt til nasjonal sjøtrafikk. Dette bør også takast omsyn til i statistikkbanken som vert laga av regionale og nasjonale myndigheiter. Kommunane treng statistikkbank for utslepp på eit slikt nivå at kommunen har verkemiddel til å redusera utsleppa. Framlegg til målsetting for planarbeidet:

Regional klimaplan skal gi kommunane kunnskapsgrunnlag og statistikk for utslepp på eit slikt nivå at kommunen har verkemiddel til å redusere utsleppa

Eit trygt og robust Solund (og Vestland) er viktig. Solund kommune vil bli ramma av meir nedbør, meir ekstremvêr og auka vasstand. Solund kommune er positive til tiltaka som er gjort framlegg om i planprogrammet. Identifisering av risikobiletet er viktig, og det må sikrast at det vert ei breidde i innsatsområda, slik at det vert sett innsatsområde både for kysten, fjordane og innlandet.

Solund kommune er oppteken av vi skal ta vare på naturmangfaldet vårt, og meiner difor at det ikkje er tilstrekkeleg å redusere tap av naturmangfald som har direkte effekt på utsleppsreduksjon. Alt naturmangfald er ein del av ein økologisk samanheng, og reduksjon eller tap av ein art som ikkje har direkte utsleppsreduksjon, vil kunne føre til at økosystemet kjem ut av balanse og påverkar andre artar som har direkte effekt på utsleppsreduksjonen. Dersom dette ikkje er aktuelt, spør Solund kommune seg i kva planverk Vestland Fylkeskommune skal ivareta naturmangfald som ikkje har direkte effekt på utsleppsreduksjon? Naturmangfald har ein verdi i økosystema uavhengig av klimaeffekten av den einskilde art. Det må koma tydeleg fram i ein plan som også omhandlar naturmangfald. Framlegg til målsetting for planarbeidet:

Regional klimaplan skal dekkja naturmangfald på ein heilskapleg måte. Naturmangfald har ein verdi i økosystema uavhengig av klimaeffekten av den einskilde art eller naturtype.

Plantemaet klimarettferd og folkehelse i klima, er riktig og viktig. Tiltaka her må også sikre at innbyggjarar i utkantkommunar ikkje får reduksjon i helse eller økonomi grunna klimatiltak, samanlikna med andre. Likskapsprinsippet må også gjelde for næringsliv i utkantkommunar, og utkantkommunane i seg sjølv, sett opp mot næringsliv og kommunar i meir sentrale strom. Dei teknologiske løysingane og verkemidla må ikkje forsterka sentralisering og urbanisering. Framlegg til målsetting for planarbeidet:

Regional klimaplan skal gje konkrete løysingar på regionalt og kommunalt nivå på aukande ulikskap og auka utgifter grunna klimaendringar og klimapolitikk sett i lys av strammare kommuneøkonomi og større omsorgsbyrde.

Klimatilpassing og førebygging av klimarelaterte kostnader må prioriterast i planarbeidet. Som kystkommune med mykje infrastruktur som er utsett for ekstremvêr og stigande havnivå, må behovet for investeringar i førebygging kartleggjast i dette arbeidet.

Det vil vere svært positivt om Vestland fylkeskommune utarbeider statistikk på kommunenivå, slik at kommunane kan nytte seg av denne og komme fortare til utføringsfasen i lokale klimaplanprosessar. Solund kommune ynskjer å gjennomføre den lokale prosessen med klimaplanen tett etter den fylkeskommunale prosessen. Det er difor viktig for Solund kommune at resultatet av arbeidet med den regionale klimaplanen vert publisert kontinuerleg, sjølv om det er framlegg og dei ikkje vedtekne. Dette gjeld til dømes statistikkar, klimafotavtrykkanalysar, utgreiingar, føringar, framskrivningar, m.m. Framlegg til målsetting for planarbeidet:

Arbeidet med regional klimaplan skal leggjast opp slik at kommunane kan utarbeida sine klimaplanar parallelt med den regionale planen

Solund kommune er oppteken av at det vert haldne opne medverknadsprosessar. I den lokale klimaplanprosessen i Solund er det tankar om å ha arbeidsverkstader med oppvekstsektoren knytt til klimaplanprosessen, og vi oppmodar Vestland fylkeskommune om å gjere det same. Det er den oppveksande generasjon som skal gjennomføre ein del av det

som vert sett opp i planen, og dei må difor få stort høve til å påverke.

Til slutt ynskjer Solund kommune å minne om at kommunane har avgrensa med tid, og ressursar i form av pengar, og har dermed avgrensa gjennomføringsevne. Det er difor viktig at det vert peika på lågt-hengande frukter som er enkle, raske å gjennomføre og som ikkje eller i liten grad fører til meirarbeid. Det må gjerne sjåast på om det kan samlast kunnskap om smarte måtar å arbeide med klima på, samt gode døme. Det er også viktig med god rettleiing og gode insentiv.»

Etter endeleg vedtak utskrift til:
Vestland Fylkeskommune